

**Sakshandsamar:**

Merete Myklebust

E-post: Merete.Myklebust@sfj.no

Tlf:

**Vår ref.**

Sak nr.: 09/5527-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

29316/09

**Dykkar ref.**

200902447-/ELR

**Dato**

LEIKANGER, 10.12.2009

Det Kongelige Barne- og Likestillingsdepartement  
postboks 8036 Dep

0030 OSLO

<b>BARNE-OG LIKESTILLINGSDEP.</b>	
<b>Arkivkode:</b>	530.00
<b>Dato:</b>	16.12.2009
<b>Saksnr:</b>	2009/02447

- 025

## Høyringsfråsegn til ny diskrimineringslov - NOU 2009:14 Eit heilskapleg diskrimineringsvern

Vi viser til dykkar brev av 26.06.2009 vedk ovannemnde sak.

Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er handsama av fylkesutvalet og fylkeskommunen gir følgjande høyringsfråsegn:

### ”Sakleg verkeområde for diskrimineringslova

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til forslaget om at lova ikkje skal gjelde familieliv og andre reint personlege forhold. Dersom domstolane skulle ha handheva også desse områda vil dette vil virke svært inngripande for borgarane, og det vil dessutan vanskeleg å handheve eit forbod mot diskriminering for reint personlege forhold.

### Verna diskrimineringsgrunnlag

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til utvalet sitt forslag. Det er viktig å ha ein sekkekategori i tillegg til dei oppramsa grunnlaga der ein kan vise til andre forhold som ikkje kan endrast eller som har stor betydning for den det gjelder.

### Unntak for sakleg forskjellshandsaming

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til at det skal gjerast unntak for sakleg forskjellshandsaming. Der forskjellshandsaminga er sakleg grunnigitt må ein akseptere at det blir gjort forskjellshandsaming.

### Ikkje vern for juridiske personar

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til forslaget om at diskrimineringslova ikkje skal gjelde for juridiske personar. Det er menneskjer som har behov for eit vern mot diskriminering, ikkje bedrifter. Bedrifter må konkurrere på marknaden på forretningsmessig grunnlag. Vidare er Sogn og Fjordane fylkeskommune i mot at Noreg skal forplikte seg etter Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK) sin tilleggsprotokoll nr 12. Juridiske personar skal ikkje ha rett på eit diskrimineringsvern.

### Aktivitetsplikt for arbeidsgjevar



Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar utvalet sitt forslag om at arbeidsgjevar skal påleggjast å aktivt arbeide for likestilling og at det skal innarbeidast i helse, miljø og tryggleik (HMT) - arbeidet. Arbeidslivet er det viktigaste arenaen for diskrimineringsforbodet, og det er derfor viktig at arbeidsgjevar får plikt til å sørge for at usakleg diskriminering ikkje førekjem og at arbeidsgjevar arbeider systematisk for likestilling.

### **Oppreising og erstatning – ansvar utan omsyn til skyld i arbeidsforhold**

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til utvalet sitt forslag når det gjeld oppreising og erstatning.

### **Offentleg kjøp. Eigenerklæring om likestilling**

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til utvalet sitt forslag når det gjelder plikt til å levere eigenerklæring om likestilling. På lik line med at det kan krevjast HMT - erklæring må det og kunne krevjast ei eigenerklæring om likestilling.

### **Grunnlovsværn mot diskriminering**

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til utvalet sitt forslag om å ta inn ein regel i Grunnlova som gir heimel til å setje til side lovreglar som er i strid med forbodet mot diskriminering.”

Med helsing

Merete Myklebust  
juridisk rådgjevar

Vedlegg: Saksframlegget til fylkesutvalet